



Den Norske Kyrkja
Bjerkreim
Postboks 38
4389 Vikeså

Dato 30.09.14
Arkiv 112/14-008
Saksbeh

Kulturdepartementet
Kyrkjeavd.
Postboks 8004, Dep.
0030 OSLO

Høyringsuttale NOU 2014:2 LIK OG LIKSKAP.

Bjerkreim sokneråd takkar for høvet til å koma med høyringsuttale. Soknerådet (eit sokns kommune) behandla denne saka på møtet 30.09.14, og vil koma med fylgjande uttale:

Bjerkreim sokneråd har behandla Høyring 2014:2 "Lik og Likskap". Soknerådet støttar hovudtrekka til gravferdsutvalet og sluttar seg til dei 6 prinsippa for gravferdslovgjevningen. Sokneråd vil likevel koma med fylgjande uttale:

- 1. Bjerkreim sokneråd ser med uro på at endringane vil føra til meirkostnadar fellesråda og særleg for sokne- og fellesråd i "utkantkommunar". Det er ein føresetnad at det fylgjer nødvendige ressursar med nyordningane og at det ikkje fører til meirutgifter for den lokale kyrkja. Statlege overføringar bør skje direkte til fellesråda og vera tilstrekkelege til å dekkja utgiftene forvaltingsreforma medfører. Skjer overføringa til kommunen, er det ein føresetnad at overføringa frå staten vert øymerka.*
- 2. Soknerådet kan ikkje sjå at rettar til norske statsborgarar busett i utlandet, er omtalt. Det same gjeld innvandrarak som er norske statsborgarar og vil gravleggast i heimlandet. Eit lett handterleg regelverk når det gjeld rett til grav og dekking av båretransport, bør innarbeidast dersom det ikkje er andre etablerte ordningar som fangar opp dette.*
- 3. Søknadar om oskespreiing bør framleis liggja hos fylkesmannen. I små kommunar vil det vera vanskeleg at den lokale gravplassforvaltinga behandlar søknadane.*
- 4. Rapportering for å for å få betre statistikk og forskning, må ikkje verta for omfattande og tidkrevjande.*
- 5. Bjerkreim sokneråd ønskjer ikkje at oskespreiing kan skje på gravplass. Slik spreiiing bør skje til fjells, til havs – på stadar det ikkje er til sjenanse for andre.*
- 6. Bjerkreim sokneråd ønskjer ikkje opning for kolumbarium som ordning.*

Med helsing

Arnfriid Espeland
Arnfriid Espeland

Kyrkjeverje i Bjerkreim